



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Tilbod om kjøp av leilegheit - Lega byggetrinn 2

Vedlegg

Dokument i saka

E-post av 7. okt. 25 med førespurnad om å kjøp av éi leilegheit i byggetrinn 2.

Bakgrunn

Kommunen mottok førespurnad om å bidra til realisering av [byggetrinn 2](#) i prosjektet. I samråd med ordførar blir henvendelsen fremma for realitetshandsaming.

Vurdering

Formannskapet vurderte i juni i fjor ein søknad frå same utbygger, då om engasjement i både Lega og Bekkejordet. Kommunedirektøren argumenterte då i saksframstillinga om å halde att med å inngå fleire kontraktar, ettersom det økonomiske handlingsrommet var stramt. Det er det framleis, men samstundes har kommunen att midlar som ikkje blir brukt på Heimdal.

I dialogen med *Privatmegleren* blir det understreka at om kommunen kjøper éi leilegheit, vil utbygger også vurdere å kjøpe 1 stk for eigen risiko. Saman med det eine salet dei har, så vil dette utløyse byggestart, og ein medverkar til seks nye bueiningar. Meklar har registrert privat interesse for den rimelegaste leilegheita, og ber om at kommunen i så fall kjøper leilegheit bruksareal på 84m². Det blir opplyst at det berre er lokale leverandørar og handverkarar på prosjektet. Det ligg òg ein verdi å få ferdigstilt denne delen av Litangen.

Kommunen overtar etter kvart ny leilegheit på Krontveit. Samstundes er det i følge bustadkonsulent og avd.ing. bygg ønskjeleg å selje leilegheita i Rauland sentrumsgard og erstatte denne med ei ny leilegheit for anten nytilsette eller andre med bustadbehov.

Etter ei samla vurdering vil kommunedirektøren vil tilrå kjøp av ei leilegheit, på vilkår av at utbygger sjølv kjøper ei bueining. Med restmidlar frå Heimdal-løyvinga og eit potensielt sal av leilegheit i sentrumsgarden vil ein om lag ha dekning for kjøpesummen kr 4 190 000,-.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune inngår kontrakt om kjøp av éi leilegheit med bruksareal på 84m² til kr 4 190 000,-.

Finansiering frå konsesjonsavgiftsfondet med kr 419 000,- i 2025 og kr 3 771 000,- i investeringsbudsjettet for 2026.